



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2014/23741-14

Vår ref
15/1238-107

Dato
11. mai 2018

**Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og
overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet
Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjellestad**

Samferdselsdepartementet viser til brev av 30. april i år, med mellom anna spørsmål om førehandsavklaring av om prosjektet innkorting av sambandet Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy - Hjellestad kjem inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

Samferdselsdepartementet viser til brev frå fylkeskommunen av 8. juni 2017 og svarbrev frå departementet av 26. juni same år om førehandsgodkjenning av fire samband i Hordaland. I svarbrevet frå departementet heiter det mellom anna at nedlegging av det aktuelle sambandet og tre andre samband vil kunna koma inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjesamband, jf. punkt 4.1 i retningslinene.

Etter omlegging av inntektssystemet for fylkeskommunar frå 2018 er retningslinene for ordninga endra til å gjelda både nedlegging og innkorting av eit ferjesamband, jf. punkt 1.1 i retningslinene for ordninga. Samferdselsdepartementet forstår søknaden slik at det no gjeld innkorting av ein del (Lerøy - Bjelkarøy – Hjellestad) av det aktuelle sambandet.

Departementet stadfestar med dette at ferjeavløysingsordninga vil kunna gjelda for den delen av fylkesvegferjesambandet Klokkarvik - Lerøy - Bjelkarøy – Hjellestad som eventuelt vert korta inn.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet